

Elevrådsarbeid ved Firda vgs 2007/2008

Elevrådet på skulen fyller ein viktig funksjon i kontakta mellom elevar og leiing/tilsette på skulen. I tillegg til den uformelle kontakta ein har dagleg, er det også behov for eit forum der aktuelle elevsaker kan diskuteras. Elevrådet skal vere elevane sitt talerøyr i skulesamfunnet, fremje saker som vedkjem elevane og vere med og gje råd og innspel i saker som skuleleiinga skal ta avgjerd i. Dette kan t.d. vere organisering av skuledagen, spørsmål kring ekskursjonar, Open Skule, planlegging og gjennomføring av undervisninga, arbeidsmåter, evaluering, ulike skulearrangement o.s.v.

Val av tillitselev med vara

Fredag 7.september var siste frist for klassen til å velje tillitselev m/vararepresentant. Det er viktig at de som er valgt som tillitselev/vara er positivt aktive og ynskjer å gjere ein god jobb som representantar for klassen.

Elevrådsarbeid som valfag - går ut neste år

Tillitselevar vil få elevrådsarbeidet godskrive som eit 1-timars valfag. Leiar i elevrådet får det godskrive som 2-timars valfag. Det vert kravd same grad av oppmøte/deltaking som i teorifag, ein fører liste over frammøte.

Informasjon om elevrådsarbeidet

Kontaktlærarane kan informere om arbeidet i elevrådet. Viss de ynskjer nærare informasjon kan de kontakte meg.

Kurs for elevrådet

Vi vil prøve å gje tillitselevane opplæring i elevrådsarbeid så godt vi kan. Tilbod om elevrådsseminar i oktober er skissert frå fylket. Her er det aktuelt å sende elevrådsstyret.

OD og ID

Elevrådet organiserer Operasjon Dagsverk og Internasjonal Dag. Det vert gjerne valt egne komitéar som tek seg av dette arbeidet. I år er ID onsdag 24.oktober OD fredag 26.oktober.

Fellesmøte med leiinga

På Firda har vi også faste fellesmøte mellom skuleleiinga og elevrådet. Elevrådsleiaren + ein representant til frå elevrådet møter her. På desse møta drøfter vi skulesaker som vedkjem elevane.

Kontaktlærer

Som driftsleiar ved skulen er eg kontaktlærer for elevrådet. Eg svarar på spørsmål omkring elevråd og elevrådsarbeid og vil syte for innkalling og konstituering av det nye elevrådet.

Elevrådet si internettside

På Firda har elevrådet eiga internettside. Du finn link til denne oppe til venstre på skulen si heimeside. Her finn du informasjon om elevrådet, oversikt over kven som sit i elevrådet, fleire informasjonsskriv frå siste år, innkalling/sakliste til elevrådsmøte og referat frå møta.

Lukke til med arbeidet!

11.09.07
Vigdís Henden
driftsleiar

